
Fra: Eilin Houlison Molvik
Sendt: 21. september 2018 08:50
Til: 'Helge Sandvik'
Kopi: 'Orjan.Lilleskare@tess.no'
Emne: SV: Sak nr 137/563 ulovlig mur
Vedlegg: VA kart gbnr 137_563.pdf; Plankart gbnr 137_563.pdf;
Dispensasjon.pdf

Til Helge Sandvik

Vi viser til telefon i dag 21.09.18.

I tillegg til innlevert dokumentasjon må det søkjast om dispensasjon frå avstandskrev til kommunalt leidningsnett og frå regulert byggegrense langs veg gjeve på gjeldande plankart.

Det er ikkje utarbeida blankett for søknad om dispensasjon frå avstandskrav til kommunalt leidningsnett (avstandskravet er på 4 meter) søknad skrivast i brevform, der ein oppgir:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og nærast del av kommunalt leidningsnett.
- Minste avstand mellom ytterkant mur og næraste del av kommunalt leidningsnett skal være vist på målsett situasjonskart, vedlagd ligg VA-kart i målestokk 1:200.
- Ein må, så langt det let seg gjere, gjere greie for fundamentering mur.

Det vert vanlegvis kravd at mur skal vere fundamentert direkte på fast fjell (boltet dirkete på fjell) eller fundamentert under botn leidningsnett, mur skal ikkje vere fundamentert på pakka pukk eller labank.

Søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense gjeve på plankart vert og skriven i brevform. Vi legg ved utsnitt av gjeldande plankart som syner stipla line, byggegrense, langs veg.

Søknad om dispensasjon frå plan- og bygingslova er ikkje standardisert i blankett. NKF har utarbeida ein rettleiar for søknad om dispensasjon, sist i rettleiaren er det laga eit framlegg til skjema som kan nyttast ved søknad om dispensasjon, vi legg ved rettleiaren.

Gjeldande reguleringsplan er: Ikenberget del av gnr 137 /planid.: 1263-200202.

Eilin H. Molvik | rådgjevar byggesak

E-post: eilinhoulison.molvik@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 54 78
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



Tenk miljø før du skriv ut denne e-posten.

Er meldinga motteke hjå feil adressat, ver venleg å slette den frå postsystemet.

Fra: Helge Sandvik [<mailto:helge@h-sandvik.no>]
Sendt: 19. september 2018 09:20
Til: Eilin Houlison Molvik
Emne: Sak nr 137/563 ulovlig mur

Hei

Har du mulighet til å ringe meg ang. denne saken?

Er på tlf 97019634.

Er opptatt frå 12 og ut dagen i dag , i morgen er det møter heile dagen.

Fredag er det bedre....

Skulle fått ei avklaring kva som må til videre her.

Med venleg helsing

Helge Sandvik

Daglig leder

H.Sandvik Entreprenør AS

Mobil: 970 19 634

Epost: helge@h-sandvik.no

H.SANDVIK A/S

Entreprenør